



Saksnummer	
200400689	95
Dato	
31.31	22.06.04
Journ. dato	
Avd.: SKO	
Saksbeh.:	
U.off.:	

Deres referanse:  
200400689-/OEB

Vår referanse:  
04/1624-2

Sosialdepartementet

Postboks 8019 Dep  
0030 OSLO

Dato:

21.06.04

Saksbehandler:

Anny Skarstein

Telefon:

24 16 35 19

E-Post:

ans@shdir.no

## HØYRING OM BRUKARBETALING FOR PLEIE- OG OMSORGSTENESTER. HØYRINGSSVAR FRÅ STATENS RÅD FOR FUNKSJONSHEMMA.

Viser til høringsnotat og brev datert 23.03.04, der departementet ber om svar på fem hovedspørsmål med underpunkt. Statens råd for funksjonshemmede har diskutert saka i sitt møte 3. juni 04. Rådet vedtok der å gje ei meir prinsipiell høringsutsegn framfor å gå konkret inn i dei spørsmåla departementet stiller.

Statens råd for funksjonshemmede meiner spørsmålet om brukarbetaling må sjåast i samanheng med anna arbeid som pågår på tilgrensande område. Både Bernt-utvalet og Wisløff-utvalet gir uttrykk for at dei i samband med sine generelle drøftingar også vurderer korleis finansieringsordningane påverkar samhandlinga. Det er viktig at departementet sine konklusjonar på desse områda er samordna og byggjer på same grunnlagstenking. Formålet med endringar må vere å få eit enklare og meir heilskapleg system for finansiering og brukarbetaling av pleie- og omsorgstenester.

Statens råd for funksjonshemmede vil påpeike at betalingsordningane må sikre rettstryggleik og likskap for lova, og at dei som har behov for samansette tenester får gode skjermingsordningar. Betalingsordningane bør difor kvile på følgjande prinsipp:

- Det skal ikkje vere eigenbetaling på sjukepleietenester og personleg hjelp
- Eigenbetaling må organiserast ut frå eit einskapleg nasjonalt system

Eigenbetaling må følgjast opp i høve til Stortingsbehandlinga av "tak 2". Komitefleirtalet i Stortinget hadde som føresetnad at arbeidet med ordninga skulle vidareførast med tanke på å inkorporere kommunale tenester, legemiddel på kvit resept, medisinsk utstyr og forbruksmateriell, ortopediske hjelpemiddel, høyreapparat og kiropraktikk. Som kjent bad fleirtalet også om at Regjeringa skulle gå gjennom regelverket om grunnstønad, hjelpestønad og folketrygdlova kap. 5 med sikte på forenkling av ordningane, jf. Ot.prp nr. 4 (2002-2003) og Innst.O nr. 44 (2002-2003).

Forskrift til Sosialtenestelova 8-2 pkt. 1 og 2 slår fast at kommunane ikkje har rett til å krevje eigenbetaling for heimesjukepleie og praktisk bistand til personleg stell og



omsorg. Eigenbetaling på sjukepleietenester og personleg hjelp påfører funksjonshemma og alvorleg sjuke utgifter som på mange måtar kan samanliknast med skatt på funksjonshemminga/sjukdommen. Sjølv om det er tak på eigenbetalinga, er dette utgifter som kjem i tillegg til dagleglivet sine utgifter, og som difor avkortar disponibel inntekt i høve til andre på same inntektsnivå. Konsekvensane er størst for låginntektsgruppene, men gjeld alle inntektsgrupper.

Uavhengig av betalingssystem må det stillast krav til gode skjermingsordningar for utsette grupper. Vi ser i dag eksempel på at summen av eigenbetaling gjer at personar som bur i omsorgsbustad ikkje har økonomi til eit sunt kosthald og andre alminnelege forbruksutgifter. Vidare må vedtaka vere tydelege med omsyn til totale kostnader og kor lenge vedtaket gjeld, slik at brukarane av tenestene har høve til å planlegge sin eigen økonomi.

Den enkelte sin livssituasjon og økonomi vert påverka av om den valde betalingsforma er oversiktleg og forutseieleg, og om betalingssystemet påverkar kommunane si organisering av tenestene og samla utgifter til eigenbetaling. Systemet må sikre at alle eigenbetalingar vert sett under eitt, uavhengig av kva etat som yter tenestene.

Både tilbod, kvalitet og kostnader ved dei ulike tenestene varierer mellom ulike kommunar. Det vil difor vere lite formålsteneleg med ein statleg fastpris for dei ulike tenestene. Mellom anna vil transportkostnader og husleige variere sterkt mellom tettbygde strøk og kommunar med spreidd busetnad. Det er likevel viktig at staten fastset prinsipp for kva det kan krevjast stykkprisbetaling for, og kvar grensene går for sum av eigenbetaling. Eit tak 2 som også omfattar utgifter som nemnt over, vil setje statlege maksgrenser for eigenbetaling, samtidig som kommunane vil ha fridom til å utforme betalingssystema ut frå lokale føresetnader.

Rådet har tidlegare vist til at grensene mellom kommunalt og statleg ansvar i stor grad er eit spørsmål om politiske val, jf. rådet si høyringsutsegn til finansieringsordningar for ressurskrevjande brukarar, datert 17.02.02.

Dersom departementet vel å samordne systema for eigenbetaling, bør også stønadene samordnast. Systema må sikre at brukarane av tenester ikkje betaler meir samla enn at dei framleis kan ha ein akseptabel standard på alminnelege forbruksutgifter.

Med venleg helsing



Ellinor Sundseth  
sekretariatsleiar



Anny Skarstein  
rådgjevar